

Alle ungdomsråd i Hordaland

Dato: 13.06.2014  
Vår ref.: 2014/560-77  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til nettverkssamling 25.-26. oktober til alle ungdomsråd i Hordaland

**25. og 26. oktober** vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland ved **Quality Edvard Grieg Suitell**. I den anledning har Ungdommens fylkesutval gleda av å kunne invitere **2 personer** frå dykkar Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre til å delta. Dersom kommunen din ikkje har eit ungdomsråd kan to representantar frå kommunen delta.

Målet for samlinga er samarbeid mellom ungdomsråda og Ungdommens fylkesutval. I tillegg vil samlinga ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Eigenandelen er 1500 kr per deltakar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Fristen for påmelding er 1. oktober, og må gjerast gjennom denne linken: <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2014/Ungdommens-fylkesting-Nettverksamling/>

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til [ungdommens.fylkesutval@hfk.no](mailto:ungdommens.fylkesutval@hfk.no). For praktisk informasjon, ta kontakt med Ingeborg Borgen Takle, [ingeborg.borgen.takle@hfk.no](mailto:ingeborg.borgen.takle@hfk.no).

Ungdommens fylkesutval ønskjer dykk ein god start etter ferien og ser fram imot å sjå de på nettverkssamlinga.

Agnes Hoshovd Bernes  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*